

NVE
tagr@nve.no

Slidre den 12.1.18

Uttale til søknad om stenging av veg over Flydammen og senking av vasstand i Storfjorden NVE ref. 201706765-2


1. Stenging av veg:

Vestre Slidre fjellstyre meiner det er svært uheldig å stenge Panoramavegen i perioden 1. mars til 15. november 2019, og 1. april til 31. oktober 2020 med omsyn til stølsbrukarar i Vestre Slidre som har støl på vestsida av Flydammen, hytteturistar, jegerar og all gjennomgangstrafikk i ei tid som er høysesong for bruk av vegen. Med bakgrunn i dette støttar Vestre Slidre fjellstyre uttale frå Vestre Slidre kommune (23.11.17) og Panoramavegen SA til (02.11.17) og ber om at det bygd ein enkel omkjøringsvei forbi Flydammen på utsida av dammen.

2. Senking av vasstand

Storfjorden er grunn og det kan bli vanskar m.a. med å setja ut båtar. Med turrlagt strandsone vil området dessutan framstå som mindre attraktivt. Storfjorden er den mest brukte fiskelokaliteten i Vestre Slidre. Fjellstyret sel årleg 1200-1300 fiskekort og dei fleste fiskar i Storfjorden. Det vore derfor ynskeleg at vasstanden kunne vore som normalt gjennom størstedelen av sumarsesongen.

Avløp til frå Storfjorden til Flya skjer i dag via overløp ved brua og tappeluke, sjå illustrasjon.



I år med lite nedbør blir det minimalt med vassføring via overløpet og minstevassføringa til Flya blir sikra ved utløp gjennom tappeluka. Ved senka vasstand at det blir sannsynlegvis ingen vassføring i elvestrekning frå brua ned til Veslevatnet (ca. 150 meter). Dette er den mest bruke fiskeplassen i allmenningen og det vil vera svært uheldig for utøving av fisket. Med ein stor anleggsplass blir heller ikkje området noko særleg attraktiv område for utøving av fiske og friluftsliv. Rasteplass med utedo og parkering kan heller ikkje brukast i anleggsperioden.

Samla vil fisket både i Storfjorden og elvestrekninga ned for brua bli skadelidande som følgje av anleggsarbeidet. Det vil føre til at fjellstyret får reduserte inntekter av fiskekortsalg i perioden. Fjellstyret ynskjer derfor at vasstanden ikkje blir senka i den mest aktive fiskeperioden. Når det blir

utført anleggsarbeid på staden, vore det ynskjeleg at det kunne vorte gjort tiltak som sikra betra vassføring i elvestubben ned for brua i år med lite vassføring. Dette er ein viktigare enn ein økonomisk kompensasjon. Det vil også bli eit betre tilbod til allmennheita for ettertida. Vi går gjerne inn i ein diskusjon om praktiske tiltak i området. Mest aktuelle tiltak kan vera berre sikring av minstevassføring frå brua til Veslevatnet og ev. terskelbygging på strekningen.

Vi viser til uttale frå Grunke sameie som peikar på at ein bør vurdere å endre perioden for anleggsarbeidet. Fjellstyret støttar dette framlegget om endring i tid for anleggsperiode.

Fjellstyret har forståing for at utbetningsarbeidet er eit viktig tiltak som må gjerast, men ein ber om at gjennomføring av tiltaket blir gjort på ein måte som gjer at ulempene blir så små som mulig næringa og for allmennheita.

Med helsing
Vestre Slidre fjellstyre



Lars Kvissel
Fjellstyreleiar

Kopi:
Foreningen til Bægnavassdragets regulering
Vestre Slidre kommune
Panoramavegen